

God jul frå Program for skulebibliotekutvikling!

2011 har vore eit innhaldsrikt år for Program for skulebibliotekutvikling. 61 skular fekk midlar frå programmet i vår, og desse er godt i gang med sine utviklingsprosjekt. Alle har bruk av biblioteket i leseopplæring og undervisning i ulike fag som tema. Ti av prosjektskulane som var med i 2010-2011 har fått nye løyvingar, for å byggje seg opp som ressursksular på pedagogisk bruk av bibliotek. 5. juni 2012 presenterer ressursksulane seg på ein erfaringskonferanse i Kristiansand.

Programmet har i løpet av året arbeidd vidare med ein digital ressurs om informasjonskompetanse for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Ressursen skal bestå av ei idésamling for lærarar og skulebibliotekarar og eit læringsverktøy retta mot utvalde elevgrupper. Eit nettverk av skular leverer idear til undervisningsopplegg om informasjonskompetanse. Den digitale ressursen skal etter planen vere ferdig på ettersommaren 2012.

Ved Universitetet i Agder har dei første studentane fått sine bachelorvitnemål i skulebibliotekkunnskap. Kring 100 studentar tek skulebibliotekkunnskap dette året. Nokre er tekne opp på bachelorprogrammet og nokre direkte på Skulebibliotekkunnskap 2, barne- og ungdomslitteratur, som er det faget som går frå i haust. Alle skulebibliotekstudia er nettbaserte med samlingar.

Rett over nyttår lyser programmet ut nye prosjektmidlar med søknadsfrist 15. mars. Vi håper på mange og spenstige søknader om bruk av skulebiblioteket som verktøy i leseopplæring og utvikling av informasjonskompetanse. For å sjå presentasjonar av utviklingsprosjekta som har fått støtte frå programmet, gå til nettstaden vår: www.skolebibliotek.uia.no

Vi vil ynskje våre kontaktar i skule- og bibliotekmiljøa ei god og fredeleg jul!

Siri Ingvaldsen
Fagleg leiar
Program for skulebibliotekutvikling
siri.ingvaldsen@uia.no
38 14 20 16 / 907 89 828

Anne Kari Slettan
Prosjektkoordinator
Program for skulebibliotekutvikling
anne.k.slettan@uia.no
Tlf: 38 14 11 75

Inger Berg Wilhelmsen
Nettredaktør
Program for skulebibliotekutvikling
inger.e.wilhelmsen@uia.no